



Norconsult AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7449 - 21/64541

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
28.09.2021

## Ferdigattest for vassleidning i sjø - gbnr 185/28 m. fl. Isdal

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1006/21  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Norconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for del av vassleidning i sjø mellom Isdal (Herlandstø) og Litlebergen som ligg i tidlegare Lindås kommune.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 15.05.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.08.2021.

### Skildring

Bygningstiltak:	Del av offentleg vassleidning i sjø mellom Isdal (Herlandstø) og Litlebergen som ligg i tidlegare Lindås kommune. Ilandføringspunkt på gbnr 185/28.
-----------------	--

### Regleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/7449

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
---------------	------------	------	----------

**Mottakarar:**

Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
---------------	--------------	------	----------